

# Selg og Høgtid

Kyrkjelydsblad for Seljord,  
Flatdal og Åmotsdal

Nr. 1 · 2024  
95. årgang



*«Krist sto opp av daude i påskemorgon raude.  
Så syng no høgt og sjeleglad hans kyrkjelyd i kvar ein stad:  
Ære vere Gud i det høgste» (Grundtvig/Blix)*

# Selg og Sogtid

#1 · 2024

## Redaksjon

post@seljordkyrkje.no  
Bankgiro: 2711.20.31826  
VIPPS: #650484

## Stab

Sokneprest: Dag Harald Undheim  
907 78 921 | dag.harald@seljordkyrkje.no

Kyrkjeverje: Petter Jakobsen  
909 51 409 | petter@seljordkyrkje.no

Diakon: Ingunn Liseter  
976 82 694 | ingunn@seljordkyrkje.no

Kantor: Kjetil Bergheim  
918 41 306 | kjetil@seljordkyrkje.no

Kyrkjetenar: Eilev Eiesland Bjørge  
975 45 943

## Seljord sokneråd

Leiar: Kristian Espeland  
908 77 604 | kristian@telerevisjon.no

## Heimeside

www.seljordkyrkje.no

## Å feste blikket på Jesus

*Påskeandakt av Dag Harald Undheim*

Faste og advent har mykje til felles i kyrkja. Både tidene nyttar lilla som liturgisk farge, og både tidene skal – gjennom stille, bøn og faste – vere med på å førebu oss for høgtida som ligg framføre oss.

Fastetida skal gjeve oss hjelp til å førebu oss for påskehøgtida.

Dei ulike sundagane i fastetida har ulike namn. Desse namna skal vere med på å gjeve oss hjelp til å sjå ulike sider av førebuingstida.

Den tredje sundagen i fastetida har tradisjonelt hatt det latinske namnet oculi, som tyder mine auge. Dette ordet er henta frå den gamle bøna som innleia denne sundagen – bøna som har henta grunnstoffet sitt frå Salme 25, 15: «Mine auge er alltid vende mot Herren».

Å førebu seg på påskehøgtid – gjennom bøn og faste – er å feste blikket på Jesus Kristus. Og når vi får festa våre auga på han, kan det hende som me syng om i påskesalmen:

*Troens øye ser det:  
Han gir liv og fred.*

Og samstundes: Når me får festa vårt blikk på han, vil han kunne feste sitt blikk på oss. Då skjer det som ein av tekstane for tredje sundagen i fastetida fortel om: Me blir sett, bekrefta og løfta opp.




Og dermed er me midt i sentrum av påskebodskapen – Jesu blick som møter vårt blick. Evangeliet fortel at Jesu blick møtte Peters blick i den avgjerande augneblinken .

Hans blick gir oss det som påskesalmen kaller «kraften av en guddomsstråle»:

*Gode Frelser, kan jeg tåle  
kraften av en guddomsstråle,  
å, så send den fra deg ned!  
Tenn meg, at jeg må, jeg arme,  
full av ånd og hellig varme,  
kjenne all din kjærlichkeit!*

**God og velsigna påske til kvar og ein!**



*Altartavla i Manndal kapell. Ho er laga av Terje Grøstad, og syner dei sentrale momenta i påskebodskapen*



**Flatdal Handlaft as**  
**Telemark**

[www.flatdalhandlaft.no](http://www.flatdalhandlaft.no)



3841 Flatdal

Tlf 350 57005 Mob 971 53661

## Karnevalsmesse med Seljord barnekor og Tysdagsklubben



Søndag 11. februar var små og store i kyrkjelyden samla på Misjonshuset i Seljord for å feire KARNEVALSMESSE! Seljord barnekor song ved starten av gudstenesta og dei fekk høglydt applaus. Klappande hender og songar med rørsler er ein måte å kjenne at me er heile menneskje og alle kan vera med. Slik blir Eventyrvisa ein sanning; - vi er glade og vi er saman! Glede er utkleddede born og spente vaksne som feira karnevalsmesse saman. Tysdagsklubben song songar med rørsler og alle kunne vera med. Ballongar og fargar, bønevandring med ljostenning, teikna og skrivne bønner,

mannnakornblomar, offer og nattverd skapa ei godt heilagt fellesskap då vi song: «Må Gud velsigna deg, Må Gud velsigna deg. Kwart minutt av di tid, kvar ein dag av ditt liv. Må Gud velsigna deg.» Fastelavn er bollar med søtt i, fargar og glede, det er fastetid, tida for ettertanke. Hent fram regnbogen som tekn og ei påminning om brua mellom himmel og jord.

**Stor takk til Seljord Barnekor, frivillige og Tysdagsklubben!**

*Ingunn Liseter*



## Ungdomsskuleelevar med innsats for andre



*På bildet ser du Anne Marte Eikåsen, Amalie Orkås Vinje og Vilde B. Gjerlid i full gang med å gjennomføre quizen.*

Før jol fekk me hjelp av fleire elevar frå Seljord ungdomsskule til å arrangere føremiddagstreff på Misjonshuset. Dei har eit valfag som heiter» Innsats for andre», og dei gjorde verkeleg ein god innsats for å lage eit ekstra hyggeleg føremiddagstreff for oss. To jenter møtte opp dagen før og hjelpte til med dekking av bord og pynting slik at det vart ei fin ramme rundt samlinga vår.

På fredagen fekk me besøk av tre jenter som hadde laga ein quiz som me fekk prøve oss på rundt borda. Det vart eit morosamt innslag for oss som var til stades. Dei hadde også ordna med premie til det bordet som vann konkurransen.

**Me takkar dei flinke ungdomane og håpar på meir samarbeid i tida framover!**



Steinsrudvegen 7, 3840 Seljord | Tlf: 35 08 41 00 | post@seljordvarme.no

## Min salme Kristian Espeland

*Helg og Høgtid startar i denne utgåva ein «salmestafett», der seljordingar blir utfordra til å presentere ein salme som står vedkomande nær.*

Kven er vel meir naturleg å tildele 1. etappen enn vår nye soknerådsleiar, Kristian Espeland? Skjønt han rett nok er nyvald leiar, så har han god røynsle frå dette arbeidet. Sin fyrste periode i sokneråd her i bygda var på slutten av 80-talet, og andre periode eit tiår seinare. Når Kristian i tillegg innehar verv som regionsleiar i Normisjon Telemark, der Kristian også er aktiv lekpredikant, og at han tidvis stillar opp som prestevikar i prostiet, så meir enn anar vi at han har nær kjennskap med vår kyrkjelege salmeskatt!

### **Kristian får ordet:**

Høve til å velje salme er eit privilegium. Det er ein god start på ei god samtale å dele favorittsong eller salme. Når ein skal lede eit møte eller ei gudsteneste, er song og salmeval viktig for samlinga. Ei kjær salme kan veksle med kva tema det er i samlinga og kva stemning ein sjølv er i.

Personleg er eg både i kyrkje og bedehus. Gjennom mange år har eg høyrte mange songar og salmar. Hans Nilsen Hauge sin salme på åkeren, Jesus din søte foreining å smake, har hatt stor verknad for Noreg. Den har eg også høyrde nytta som nattverdssalme. Dersom eg som predikant får oppleve møteleiaren finn fram « Ren og rettfærdig - himmelen verdig», som respons på preika, ja då veit eg at eg har preika sant og rett.



Men, den salmen eg har lyst til å dele i denne samtalen er «Deg å få skoda er sæla å nå». Salmen er opphavleg ein irsk salme frå 700 talet og vert framført i ei irsk folketone. Det er ei eiga aktsemd i at den er sunge gjennom århundrar og på mange språk. Slik har ord og tonar stått si prøve. Salmen slik den er i norsk salmebok på nr 482, er på fem vers med kvar sine tema. Dei fem tema vil eg oppsummere: Visjon, visdom, tryggleik, rett rikdom og ære, og i siste verset om «sigrande inn i ditt rike å gå». Fyrste tema, visjon, er henta meir direkte frå engelsk oversetning, Be Thou my Vision. Det same tema er og sagt på norsk, «Gud, ver det syn som mitt hjarta vil sjå». Eg høyrde ei gong ei preike over tema frå Salmane 119 vers 105, «Ditt ord er ei lykte for min fot og eit lys på min sti». Ei slik livshaldning gjev visdom som i andre verset på vald salme. Ei dyrebar skatt treng

vern derfor er tema i tredje verset  
«ver du det merket som syner mitt verd».

Rikdom og ære som menneske gjev er ei stort trugsmål for den verd som Gud sin visdom gjev. Menneskjefrykt framfor Guds frykt har drive fleire vekk frå det syn som mitt hjarta vil sjå. Konge i æva er din frelsar og ven. Du og kan bli med på tradisjonen frå år 700. Deg å få skode er sæla å nå, Gud, ver det syn som mitt hjarta vil sjå; ver du for tanken min dyraste skatt, ljuset som strålar ved dag og ved natt!

Til 2. etappe i salmestafetten vil eg utfordre Reidun Øverland.

*Kjetil Bergheim*



**granvin kulturhus**  
seljord

*Vi tek gjerne imot minnesamvære, kurs, konferansar og selskap.  
Alle arrangement blir gjennomført etter gjeldande smitteverntreglar.  
Kjøp billetter på [www.granvinkulturhus.no](http://www.granvinkulturhus.no) på grunn av smittevern.*

**Granvin Kulturhus AS**  
Nyveg 16 3840 Seljord

Telefon: 35 06 59 80  
Epost: [post@granvinkulturhus.no](mailto:post@granvinkulturhus.no)  
[www.granvinkulturhus.no](http://www.granvinkulturhus.no)

Aut. Installatør

**Dyrud Elektro AS**

3840 Seljord Tlf. 35 05 80 80  
[www.dyrud.no](http://www.dyrud.no) [post@dyrud.no](mailto:post@dyrud.no)



*Når du trenger elektriker*

## Hjarte for vatn for Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon

- Kirkens Nødhjelp har svart på humanitære behov i Libanon sidan 2013.
- Krig i nabolandet Syria har ført til at Libanon har opplevd ei massetilstrøyming av flyktningar.
- Kirkens Nødhjelp sitt arbeid i Libanon fokuserer på to tema: vatn, sanitær og hygiene, og kjønnsbasert vald.
- Kirkens Nødhjelp sitt klimarobuste vatnprogram omfattar tilgang på trygt vatn gjennom boring og/eller rehabilitering av brønner og/eller vatnforsyningsnettverk, bygging av vatnreservoar og vatntransport.
- Kirkens Nødhjelp har vore i front når det gjeld å bruka grøn teknologi, som solcellepanel for pumping av vatn, og rettar seg og mot miljøsanering for å ta tak i og minska utfordringar i samband med kloakkvatn og fast avfall dei fleste stader i Libanon.
- Midlar samla inn til Fasteaksjonen bidreg til at dette viktige arbeidet kan haldast oppe.



Rachelle og Sanaa er begge glade for at landsbyen Deir El Ghazal no har fått tilgang på reint vatn. Vatnet kjem både libanesarar og syriske flyktningar til gode. Det er håp i ein drope vatn! Bli med på Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.

Libanon er eit land som står i mange krisar, og spesielt ungdom som Rachelle får kjenne det på kroppen; «Det er vanskeleg for alle, men det vondaste er at det ikkje er noko framtid for oss her. Vi unge må reise ut for å få jobb.»

Kirkens Nødhjelp vil syte for reint vatn til landsbyen til Rachelle der ho bur. Dei har bygd eit solcellepanel, ein vasstank og kopla til vassrør. «Vatnet har vore heilt avgjerande for landsbyen min», seier Rachelle.

# FASTEAKSJONEN 2024 17.-19. MARS

## HÅP I EIN DROPE VATN!



**Kirkens Nødhjelp sitt arbeid over heile verda, og har to overordna mål:  
Å redda liv og krevja rettferd.**

### YNSKJER Å VERA BØSSEBERAR 19. MARS KL. 17.00 – 19.00?

Kontakt kyrkjekontoret eller møt opp kl. 16.30 på kyrkjekontoret i Seljord. Du blir registrert og får tildelt id-kort, plombert bøsse, informasjonsbrosjyre og rode.

**Kontakt:** Diakon Ingunn Liseter  
Tlf: 976 82 694  
E-post: [ingunn@seljordkyrkje.no](mailto:ingunn@seljordkyrkje.no)

Tusen takk for at du vil vera med å forandre for andre!

### REDDA LIV - her og no

Ein katastrofe rammer alltid dei fattigaste hardest. For lite vatn og forureina vatn tar ofte flest liv. Saman reddar vi liv og beskyttar dei mest sårbare.

### FORANDRA LIV – langsiktig

Varig tilgang på reint vatn er éin av dei. Saman hjelp vi menneskje å finna sin eigen veg ut av fattigdommen.

*Tysdag 19. mars kjem det bøsseberar på besøk.*

*Ta vel imot dei.*

*Du kan gje pengar i bøssa eller med VIPPS 2426 eller SMS kodeordet GÅVE til 2426.*

### FORANDRE VERDA - varige endringar

Fattigdom er urettferdig. Dei rikaste rikare og dei fattigaste fattigare. Saman kan vi gje dei stemmelause ein stemme. Kyrkjelydane i Noreg har støtta innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp sitt internasjonale arbeid i over 50 år. Aksjonen er lagt i ei tid av kyrkjeåret som heiter fastetida. Fasten varar i 40 dagar heilt frå Oskeonsdag til Palmesundag.



Nesten 800 millionar menneske lever utan tilgang til reint vatn i dag, på grunn av jordskjelv, tørke, flaum, krig eller konflikt. Støtt fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp og gje vatn til dei som treng det mest!

**VIPPS til 2426**





## Frivillig tekstlesar i kyrkjene våre

*Har du lyst til å vere med på å gjere ein frivillig innsats i kyrkjene våre ?*

Kyrkja treng stadig nye frivillige medarbeidarar som kan gjere ein innsats som tekstlesar på sundagsmessene.

Arbeidet inneber å lese samlingsbøna i starten av messa, og to bibeltekstar undervegs i messa.

Du kan sjølv velje om du vil vere med i ein eller fleire av kyrkjene våre, og kor mange gonger i løpet av semesteret du vil vere med.

Ei messe varar til vanleg ca ein time, og du kan sjølv velje kva for sundagar du vil vere med.

Du skal få god opplæring.

Ta kontakt med ein av oss som arbeidar i kyrkja om dette kunne vere noko for deg.



## Påska i kyrkjene våre

Påska står for døra.

Tradisjonen tru vil det bli brei markering av høgtida i kyrkjene våre. Slik ser programmet ut:

- Palmesundag messe i Flatdal kyrkje kl 11:00
- Skjertorsdag messe i Åmotsdal kyrkje kl 11.00
- Skjertorsdag messe på Nutheim kapell kl 19:00
- Langfredag messe i Seljord kyrkje kl 11:00.
- 1. påskedag høgtidsmesse i Seljord kyrkje kl 11:00 og Svartdal kl 15:00

**Vel møtt til samling og høgtid.**



*Vel møtt til høgtid i kyrkjene våre påska 2024. Biletet syner Åmotsdal kyrkje. Her vert det messe skjertorsdag kl 11.00.*

**Seljord sokn**  
**Brøløsvegen 48**  
**3840 SELJORD**

Kyrkjelydsbladet Helg og Høgtid for Seljord, Flatdal og Åmotsdal er avhengig av stønad for å dekke utgifter til trykking og produksjon av bladet.

**De kan betale inn til kontonummeret på denne giroen (2711 20 31826),  
eller på Vipps til: #650484 Seljord sokn.**

**Vi er takksame for alle gaver!**

Betalingsinformasjon

# GIRO

Betalings-  
frist

Underskrift ved girering

Betalt av

Betalt til

Helg og Høgtid  
Brøløvsvegen 48  
3840 SELJORD

GIRO F60-1 NFI 12.09

Belast  
konto

Kvittering  
tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)

Blankettnummer

Øre

Til konto

2711 20 31826

< >

H

# Legoklubb



Etter skuletid for 5. – 7. klasse  
Tysdag kl. 13.50-16.30  
På misjonshuset i Seljord

Tysdag 12. mars  
Tysdag 9. april  
Tysdag 21. mai

**Måltid, bibelfortelling/film,  
legobyggjing.**

Legoklubben er et prøveprosjekt i 2024.  
Interessert å bli med som frivillig, har idear  
eller andre innspel? Ta kontakt med:

Ingunn Liseter tlf: 976 82 694 e-post:  
ingunn@seljordkyrkje.no


**Kanskje har nokon legoklossar dei vil gje  
bort eller selje?**

**Tysdagsklubben, for familiar  
samme datoar som legoklubben, kl.16.30  
– 18.00.**

Middag, bibelforteljing, song, leik og  
formingaktivitetar.

**Velkomen er du!**

## Babysong og småbarnstrall



Det gode vertskapet på Seljord frivilligsentral samlar ein stor flokk til Babysong og småbarnstrall ein gong i månaden. Her er ein god møteplass for alle med små born til leik og song. Vi syng kjente, tradisjonelle bornesongar og regler, og saman hentar vi fram fleire lokale og nyare songar.

Samarbeidet mellom Seljord frivilligsentral og kyrkja i Seljord er ein fleirkulturell møteplass uansett tru eller livssyn. Saman skapar vi det gode fellesskapet og det er plass til fleire. Heidi

ordnar nybakte rundstykke og vaflar til lunsj som blir satt veldig pris på. Tusen takk for at du er eit godt vertskap!

Draumen er å leggja grunnlaget for å starta eit kor for dei frå 3-4 år og oppover. Songskattane er ein kulturberar og eit fellesskap på tvers av landegrensar. Vi er musiske menneskjer song og musikk er den musiske medisinen for kropp og sjel uansett alder.

*Diakon og trusopplærar Ingunn Liseter*

**BYGGMESTER  
T.A. GUSTAVSEN AS**



**TLF. 975 17 817**  
**byggmester@live.no**



**AASMUNDSSEN BAKERI**

FLATDAL - TELEFON 35 06 53 00 **ALT I BAKERVARER**

**Gravsteiner Notodden**  
Det skal lønne seg å handle lokalt



Østlandets  
største  
utstilling  
og beste priser

150 steiner  
i utstilling  
1-4 ukers  
leveringstid

Steinverksted på Notodden

[www.notoddenbegravelse.no](http://www.notoddenbegravelse.no)  
Ingar Faane  
350 12 155

*Nutheim Gjestgiveri*



Vi ønsker velkommen! Telefon: 35 05 2143



**Morgedal  
Rør as**

post@morgedalror.no - 35 06 44 55 | Postboks 114, 3835 Seljord

**KLÆR**

**T. TVEITAN AS**

**INTERIØR-  
TEKSTIL**

Brøløsvegen 46, Seljord. Tlf: 35 05 04 86

# Vil du vera med i sorggruppe?



«Alt ble med ett så stille,  
livet er helt forandret.

**Døden har banket  
på vår dør og sorgen  
har fylt hvert rom.»**

**SORGGRUPPE er ein stad å møte andre og kunne  
snakka om livet om før og etter, og om livet her og no.**

**Har du mista ein av dine næraste eller bærer på sorg?  
Sorggruppe Brunkeberg kyrkje 20. mars kl.18 – 20.**

**Prostidiakon**

Eilev Erikstein  
Tlf: 911 13 580

**Diakon/trusopplærar**

Ingunn Liseter  
Tlf: 976 82 694

*Treng du nokon å snakka med, ein lyttar, ei bøn, besøk,  
soknebod, ta kontakt med kyrkjekontoret e  
ller diakon Ingunn Liseter*



<https://www.kirkens-sos.no/telemark>

<https://www.soschat.no/>

<https://www.kirkens-sos.no/melding>

<https://www.kirkens-sos.no/telefon>

**Tilgjengeleg for deg heile døgnet**

## Pilegrimsvandring St Hanseftan

*I fotefara til Sterke-Nils*



*Staden der Sterke-Nils laga tjæra*



*Staden der Sterke-Nils gravla hesten sin*

Kyrkja si tradisjonelle pilegrimsvandring skal sommaren 2024 arrangerast på St Hanseftan, og me skal gå over Nesmarki – frå Trollebotn og mot Nes på Garvikstrondi. Tanken er at me skal vandre litt i fotefara til Nils Olavsson Langedal, betre kjent som Sterke-Nils.

Me skal vitje stader som Langedal, Venhaug og Neslandstjønni. Frå Neslandstjønni skal me gå mot Nes, og her skal me ha messe kl 17,00 på gardstunet hjå brørne Hoff på Nes.

Vandringa vil ha preg av mykje forteljing, lesing av tekstar, song og musikk. Ragnar Haugstøl skal saman med brørne Hoff

vere turleiarar, og det vil vere god tid til både stille og samtale. Reidun Øverland vil delta med lesing av aktuelle tekstar, og Kjetil Bergheim vil syte for musikk som høyrer heime i omgivnadene me skal vandre i.

Det skal ordnast med moglegheit for transport, og planlagd avgang er kl 10,00.

Meir informasjon vil kome på kyrkja si nettside [www.seljordkyrkje.no](http://www.seljordkyrkje.no), samt på lokale sider på Facebook.

Bileta syner ein del av det me skal oppleve på vandringa.



*Garden Langedal i Trollebotn – garden Sterke-Nils rydda då han gifte seg med sin store kjærleik, Anne. Bygningane på biletet er av nyare dato, men staden er den same.*



*På denne garden skal me halde messe St Hanseftan. Moglegheit for bål ved Seljordsvatnet om verforholda tillet bålbrekking.*

## Konfirmantar i Seljord sokn 2024

### Åmotsdal kyrkje

**laurdag 17. august kl. 11.00**

Kent Nickolay Fjæren  
Lars Kasland Groven  
Linnea Skori

### Flatdal kyrkje

**sundag 18. august kl. 11.00**

Eirill Laukelid  
Even Tobias Edvardsen  
Håkon Rosnes Svartdal  
Tollef Haugen  
Vetle Våge Lia  
Vårin Skogheim Angre

### Seljord kyrkje

**laurdag 24. august kl. 11.00**

Kjetil Versto Grue  
Ida Øygarden  
Sondre Dahl Kasland  
Martine Dahl Haugholmen  
Matilda Straume Rinden  
Sondov Romtveit  
Elias Aamot Simonsen

### Seljord kyrkje

**laurdag 24. august kl. 13.00**

Astrid Brekka Skoland  
Tone Brekka Skoland  
Martin Teigen  
Aleksander Gravalid Johansen  
Steinar Brennemo Eriksen  
Åsne Manheim

### Seljord kyrkje

**sundag 25. august kl. 11.00**

Bjørnar Øygarden  
Elisabeth Nystad Telnes  
Embrik Skaret Skoe  
Eva Linnea Schade  
Mina Veting Vala

Bettina Marië Trangsrud Granberg

**Konfirmeres i Drevsjø kyrkje 25. mai**

## Dugnad i kyrkja – ute og inne

### Seljord

**måndag 13. mai frå kl. 16.30**

### Flatdal

**tysdag 14. mai frå kl. 16.30**

### Åmotsdal

**onsdag 15. mai frå kl. 16.30  
(kan bli utsett)**

Diakonen serverer kaffi,  
saft og noko å bite i.

*Ta gjerne med rive og hanskar.*

Saman tek vi vare på kyrkja vår.  
Bli med på det du kan.

*FNs berekraftmål 17:  
«Samarbeid for å nå måla.»*

### Kontaktperson:

**Ingunn Liseter**  
tlf: 976 82 694

## Hjarteleg takk

Hjarteleg takk for minnegåva som vart gjeven ved Solrun Støyle si gravferd

**Helsing heimetenesta**

Hjarteleg takk for minnegåva som vart gjeven ved Halvor Groven si gravferd

**Helsing Steinmoen bu- og servicesenter**

Hjarteleg takk for minnegåva som vart gjeven ved Arne Øverbø si gravferd

**Helsing heimesjukepleia**

Hjarteleg takk for minnegåva som vart gjeven ved Kari Vefald si gravferd

**Helsing heimesjukepleia og Nesbukti pleie- og omsorgsenter**

Hjarteleg takk for minnegåva som vart gjeven ved Tove Lunde Aase si gravferd

**Helsing Nesbukti pleie- og omsorgsenter avd. C**



**ØVRE TELEMAR  
BEGRAVELSESBYRÅ**

*Trygt, omsorgsfullt og verdig*

---

Inger Kjellfrid Brekke Tlf. 466 90 000  
post@telemarkbegravelse.no

Hjarteleg takk for minnegåva som vart gjeven ved Olav Sollid si gravferd

**Helsing heimesjukepleia**

Hjarteleg takk for minnegåva som vart gjeven ved Margit Gutehus si gravferd

**Helsing Nestunet bufellesskap**

Hjarteleg takk for minnegåva som vart gjeven ved Gunnar Tovslid si gravferd

**Helsing Nesbukti pleie- og omsorgsenter og heimesjukepleia**

## Slekters gang

### **Døypte**

#### Seljord

Elida Aasbak-Bergkvist  
Ingebjørg Skårnes Gundersen  
Jørgen Høeg Flatland

#### Flatdal

Frida Rue Hasselgård  
Simon Mæland Aase

### **Døde**

#### Seljord

Kari Vefald  
Nelly Rigmor Skutevollen  
Helge Rune Tveiten  
Gunnulf Nordbø  
Rønnaug Kattem

#### Flatdal

Arne Øverbø  
Margit Gutehus

#### Åmotsdal:

Bjørg Nordbø  
Tove Lunde Aase

# No livnar det i lundar

*Salmekveld i Flatdal kyrkje*



Tysdag 7. mai 2024 skal det vere salmekveld i Flatdal kyrkje kl 19.00.

Tema for kvelden vil vere No livnar det i lundar – og det vil vere hovudfokus på salmar som er knytt til blomstertida som ligg forran oss.

Olav Mosdøl frå Kviteseid skal vere saman med oss, og han vil lese tekstar og dele tankar som byggjer opp om kveldens tema.

Vel møtt til salmekveld – det kostar ingenting å kome inn.



*Olav Mosdøl frå Kviteseid skal vere saman med oss, og han vil lese tekstar og dele tankar som byggjer opp om kveldens tema.*

# Påskenøtter

Sjå om du greier desse påskenøttene utan å nytte hjelpemidlar, eller utforde familie og vener til spørjekonkurranse. Svara står nedst på sida.

## Tru og kyrkje

1. Kor mange bøkar er det i Bibelen?
2. Kva heitte staden der Jesus vart krossfest?
3. Kva dag fell 1. påskedag på kvart år?
4. Kven har skrive påskesalma «Påskemorgen slukker sorgen»?
5. På palmesundag ropte folkemassen «Hosianna, Davids son», då Jesus red inn i Jerusalem. Men, kva tyder «Hosianna»?
6. Kor i soknet vårt skal det vera gudsteneste på Skjertorsdag i år? (Svaret finnast i bladet).

## Lett blanding

1. Kva er den fyrste fjellvettregelen?
2. Kva dato stiller vi klokka til sumartid i 2024?
3. Om lag kor mange appelsinar kvar et nordmenn i påska, i snitt?
4. Kven vann Tour de ski 2024 (herre og dame)?
5. Kva år var fyrste gong NrK sende radioprogrammet «Påskelabyrinten»?
6. Kva land er det vanleg å seie at påskeharen har sitt opphav frå?

1. «Planleggs turen og meld frå kor du går»	1. 66
2. 31. mars	2. Golgata
3. Om lag 6 stk. kvar	3. Fyrste sundag etter fyrste fullmåne etter vårjandøgn
4. Harald Østberg Amundsen og Jessie Diggs	4. Nikolai Frederik Grundtvig
5. 1987	5. «Hjelp! Frels» Ofte oversett: «Kom med hjelp»
6. Tyskland	6. Amorsdal og Nuthelm

# Gudstenester

## 4.s.i faste – 10. mars

Seljord kyrkje kl 11.00  
Høgmesse  
Offer: Seljord misjonshus

## Maria bodskapsdag – 17. mars

Åmotsdal kyrkje kl 12.00  
Høgmesse  
Offer: Helg & Høgtid

## Palmesøndag – 24. mars

Flatdal kyrkje kl 11.00  
Høgmesse  
Offer: Misjonsprosjekt NMS

## Skjertorsdag – 28. mars

Åmotsdal kyrkje kl 11.00  
Høgmesse  
Offer: Kirkens SOS Telemark

## Skjertorsdag – 28. mars

Nutheim kapell kl 19.00  
Nattverdmesse  
Kyrkjekaffi  
Offer: Ungdomsarbeidet

## Langfredag – 29. mars

Seljord kyrkje kl 11.00  
Pasjonsmesse  
Offer: Kirkens SOS Telemark

## 1. påskedag – 31. mars

Seljord kyrkje kl 11.00  
Høgtidsmesse  
Offer: Misjonsprosjekt NMS

## 1. påskedag – 31. mars

Svartdal kapell kl 15.00  
Påskedagsgudsteneste

## 2.s.i påsketida – 07. april

Flatdal kyrkje kl 11.00  
Høgmesse  
Offer: Normisjon Telemark

## 3.s.i påsketida – 14. april

Seljord kyrkje kl 11.00  
Høgmesse  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## 4.s.i påsketida – 21. april

Åmotsdal kyrkje kl 11.00  
Tårnagentgudsteneste  
Offer: Trusopplæringa

## 5.s.i påsketida – 28. april

Seljord kyrkje kl 11.00  
Høgmesse  
Offer: Kvitsund gymnas

## 6.s.i påsketida – 05. mai

Flatdal kyrkje kl 11.00  
Høgmesse  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## Søndag før pinse – 12. mai

Seljord kyrkje kl 11.00  
Høgmesse  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## Grunnlovsdag – 17. mai

Seljord kyrkje kl 10.30  
Flatdal kyrkje kl 12.00  
Åmotsdal kyrkje kl 14.30  
Offer til barnearbeidet alle stader

## 1. pinsedag – 19. mai

Seljord kyrkje kl 11.00  
Høgtidsmesse  
Offer: Misjonsprosjekt NMS

## Treeningssundag – 26. mai

Åmotsdal kyrkje kl 11.00  
Høgmesse  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## 2.s.i treeningstida – 2. juni

Flatdal kyrkje kl 11.00  
Høgmesse  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## 3.s.i treeningstida – 9. juni

Seljord kyrkje kl 11.00  
Samtalegudsteneste  
Offer: Ungdomsarbeidet

## 4.s.i treeningstida – 16. juni

Åmotsdal kyrkje kl 11.00  
Folkemusikkmesse  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## 5.s.i treeningstida – 23. juni

Folkemusikktunet Nes kl 17.00  
Messe etter pilegrimsvandring  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## 6.s.i treeningstida – 30. juni

Seljord kyrkje kl 11.00  
Høgmesse  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## 7.s.i treeningstida – 07. juli

Flatdal kyrkje kl 11.00  
Høgmesse  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## 8.s.i treeningstida – 14. juli

Seljord kyrkje kl 11.00  
Høgmesse  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## 9.s.i treeningstida – 21. juli

Friluftsmesse Skuldalen gard  
i Åmotsdal kl. 12.00  
Offer: Helg og Høgtid

## 10.s.i treeningstida – 28. juli

Olsokmesse Seljord kyrkje kl 19.00  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## 11.s.i treeningstida – 04. aug

Seljord kyrkjel kl 11.00  
Høgmesse  
Offer: Normisjon i Telemark

## 12.s.i treeningstida – 11. aug

Manndal kapell kl 11.00  
Høgmesse  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## Laurdag 17. aug

Åmotsdal kyrkje kl 11.00  
Konfirmasjon  
Offer: Ungdomsarbeidet

## 13.s.i treeningstida – 18. aug

Flatdal kyrkje kl 11.00  
Konfirmasjon  
Offer: Ungdomsarbeidet

## Laurdag 24. aug

Seljord kyrkje kl 11.00 og 13.00  
Konfirmasjon  
Offer: Ungdomsarbeidet

## 14.s.i treeningstida – 25. aug

Seljord kyrkje kl 11.00  
Konfirmasjon  
Offer: Ungdomsarbeidet

## Endringer kan koma

Seljord kyrkje

Flatdal kyrkje

Åmotsdal kyrkje

Manndal kapell

